



Ål kommune

Saksframlegg

Arkivreferanse: 2021/4381-1

Saksbehandler: Borghild Moen

Side 1 av 6

Saksgang

Saksnr.	Utval	Møtedato
42/21	Kommunestyret	17.06.2021

Felles kommuneoverlege og samhandlingsleiar i Hallingdal

Rådmannen si innstilling

1. Det blir oppretta ein 100 % stilling som kommuneoverlege og samhandlingsleiar i Hallingdal i tilknytning til Hallinghelse frå år 2022.
2. Rådmann / kommunedirektør får fullmakt til å inngå samarbeidsavtale om felles regional stilling som kommuneoverlege og samhandlingsleiar.
3. Ål kommune blir vertskommune etter kommunelova § 28 bokstavane a, b, e, f, h, i, j og k.
4. Stillingsstorleik på lokal kommuneoverlege og interkommunal stilling blir innarbeidd for budsjett 2022- 2025.

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Ingen

Dokument i saka:

1. Vedtak i regionrådet den 28.05.2021, sak 45/21
2. Felles kommuneoverlege i Hallingdal – rapport frå Hallinghelse
3. Vedtak i kommunestyret den 13.06.2019 sak 38/99, arkivnr 19/01044
4. Legeavtaler , Rammeavtale for leger - ASA 4301 og kommunelegeavtale - SFS 2305

Saksopplysningar:

Etter [lov om kommunale helse- og omsorgstenester](#) § 5-5 er kommunane pålagt å ha ein samfunnsmedisinsk rådgjevar. I den same paragrafen står det at «kommunen kan samarbeide med andre kommuner om ansettelse av kommunelege». Same pålegget om samfunnsmedisinsk kompetanse finn ein i [lov om folkehelse](#) § 27.

Samfunnsmedisin er ein spesialitet for legar som krev 5 års vidareutdanning. Pr i dag er det to kommuneoverlegar i regionen som har denne kompetansen.

Regelverket seier ikkje noko om omfanget. For å finne noko om dette, må ein heilt attende til Ot.prp 99 (1998-99) der departementet seier at det i mindre kommunar bør vera ei kommuneoverlegestilling i halv stilling med stedfortreder og i kommunar med meir enn 10.000 innb. bør det vera bemanning tilsvarande kommuneoverlege i full stilling og ass. kommuneoverlege i halv stilling.

1. Regionrådet rår kommunane til å vedta oppretting av ein 100 % stilling som kommuneoverlege og samhandlingsleiar i Hallingdal i tilknytning til Hallinghelse frå år 2022, med Ål kommune som vertskommune.
2. Dagleg leiar blir bedt om å utarbeide felles sak som må vedtakast i alle kommunar

Samhandlingsleiar i Hallinghelse:

Det vart oppretta ei 50 % stilling som samhandlingsleiar i 2015 og stillinga inngår i kjernegruppa av tilsette ved Hallinghelse og. Hovudoppgåvene er:

- å samordne og fronte kommunane sitt samarbeid med Vestre Viken HF, i særleg grad knytt til hallingdal sjukestugu og deira medisinske tenester
- å samarbeide med samhandlingsleiaren ved Ringerike sjukehus / Hallingdal sjukestugu
- å samordne og fylgja opp kommunane sine interesser i felles intermedieæravdeling ved Hallingdal sjukestugu, herunder delta i etablerte samarbeidsorgan rundt avdelinga.
- å inngå i ulike samarbeidsorgan, p.t. styret for kommunehelsesamarbeidet og overordna samarbeidsutval i Vestre Viken - området, vidare i lokalt samarbeidsutval i Hallingdal, her også i arbeidsutvalet.
- å vera talsperson og omdømmebyggjar for Hallingdal opp mot sentrale helsemyndigheiter, nasjonale kompetansemiljø og Fylkesmannen.
- Å bidra til å styrke samarbeidet og utvikle tenestene innan helse og omsorg i Hallingdal, herunder kunne skrive felles høyringar, gjennomføre utgreiingar og konsekvensvurderingar på samarbeidstiltak.
- Å samarbeide med, rapportere til og utføre dei oppgåver helse- og omsorgsleiarforum i Hallingdal bestemmer.

Forhold til overordna plan:

Tiltaket er i tråd med kommuneplanen og plan for helse og omsorgstenester 2021-2024.

Miljøkonsekvenser:

Ingen

Helse-/miljø og beredskapstilhøve:

Ein felles stilling vil bidra med å sikre samfunnsmedisinsk kompetanse i regionen. Stillinga vil bidra til at det blir eit betre samordna planverk innanfor smittevern og helseberedskap, samt evaluere og halde dei oppdatert i samsvar med nye føringar. Det kan vere lettare for andre samarbeidande instansar med felles planverk.

Økonomiske konsekvensar:

Følgjande føresetnader ligg til grunn:

- Kvar kommune legg inn 20% kommuneoverlegestilling med dagens lokale lønsnivå
- Kommunane deler på ein felles kommuneoverlegestilling i 100% som også skal ivareta oppgåvene til dagens samhandlingsleiar. Kostnad 1 236 000 + sosiale utgifter = kr 1619 000
- Kommunane deler administrasjonskostnader på 100 000
- Utgifter til samhandlingsleiar går ut

Kommune	Dagens ordning	Ny ordning
Flå	20 % stilling.	20 % stilling.
Nesbyen	30 % stilling.	20 % stilling.

I likelydane vedtak i alle kommunestyra i Hallingdal i år 2019 om vidareføring av Hallinghelse, pkt 3 d står det:

«Hallinghelse vert bedt om å utgreie nærare gevinstane med felles kommuneoverlege og innhente vurderingar frå kvar enkelt kommune på tiltaket.»

I 2019 fekk då avtroppande samhandlingsleier og påtroppande samhandlingsleiar i oppgåve å utgreie sak om felles kommuneoverlege. Hovudpunkt frå rapport om Felles kommuneoverlege i Hallingdal:

- Kommunane i Hallingdal har pt kommuneoverlegestillingar frå 20-50 %
- Det er etablert eit interkommunalt samarbeid gjennom Kommuneoverlegeforum (KOLF)
- Det er eit interkommunalt vertskommunesamarbeid om miljøretta Helsevern frå 2001.
- Det er etablert eit interkommunalt samarbeid om folkehelsearbeid i Hallingdal, der Hallinghelse har eit koordinerande ansvar.
- Kommuneoverlege har i all hovudsak ein kombinasjonsstilling som kommuneoverlege og fastlege.
- Det kan vere utfordrande å få kvalifiserte søkjarar til denne type deltidstilling.
- Det overordna arbeidet til kommuneoverlegane, som planarbeid, smittevernarbeid og beredskapsarbeid vil kunne effektiviserast ved ei samordning og utarbeiding av felles planer og saksutgreiingar. Dette ville også vera kvalitetsstyrkande.
- Det er behov for ei betre organisering av stedfortrederfunksjon i forhold til akutte saker som til dømes i smittevernsaker, innan psykisk helsearbeid og i beredskapssamanheng.
- Forslag til løysing baserar seg på ein todelt samfunnsmedisinsk modell med 100 % interkommunal kommuneoverlegestilling og inntil 20 % kommunal kommuneoverlegestilling. KOLF skal vere eit rådgjevande organ.
- Fordeling av arbeidsoppgåver mellom dei 2 ulike stillingane er som følgjer;

Aktuelle oppgåver	- som i hovudsak kan vera interkommunale	- som i hovudsak bør vera kommunale
Medisinsk-fagleg rådgjeving	Saker, utgreiingar, planar, høyringar, felles rutinar og prosedyrar	Dagleg dialog, medverknad i lokale forum og arb.grupper
Miljøretta helsevern	Nært samarbeid med Miljøretta helsevern Hallingdal	
Smittevern	Overordna retningslinjer og strategiar, felles smittevernplan i Hallingdal	Individretta rådgjeving og samarbeid med fastlege og helsestasjon
Helsemessig beredskap	Felles beredskapsplan for Hallingdal	Inngå i kommunen sitt kriseråd
Helseovervaking	Oversikt over helsetilstanden i Hallingdal, samanlikningar mellom kommunane – felles tiltak	Fange opp lokale endringar og trendar
Folkehelse	Overordna strategiar og samarbeid i Hallingdal	Ivareteke av folkehelsekoordinator
Helseomsyn i arealplaner / reguleringsplaner	Samordning av prosedyrar og retningslinjer, innspel i planprosessar, planforum	Ivareta pågåande dialog, tverrfagleg sakshandsamarforum
Samarbeid interkommunalt	Initiere og koordinere samarbeid innan helsetenester, som legevakt, samarbeid med kommune-psykolog, rehabilitering etc.	
Samarbeid utad	Samordning av samarbeid retta mot ulike eksterne aktørar, som	

	kommnehelsesamarbeid, brannvesen, prehospitale tenester. Samhandling mot foretaket vert ivareteke av samhandlingsleiar.	
Klager	Sikre at klagesaker vert handsama likt i kommunane	Ivareta behandling av lokale klagesaker
Fastlegeordninga		Sekretær for SU
Samfunnsmedisinsk samarbeid	Kommuneoverlegeforum	Stedfortrederfunksjon for felles kommuneoverlege

- Delegering av mynde etter folkehelselova, smittevernlova og helse og omsorgstjenestelova blir inntil vidare ikkje vidaredelegert etter vertskommunemodell, men blir vurdert når samarbeidsmodell etter den nye kommunelova er ferdig utgreia. Rapport om felles kommuneoverlege vart er lagt fram for kommuneoverlegeforum, helse og omsorgsleiarforum og rådmannsutvalet.

Kommuneoverlegeforum gjorde 30.08.19 følgjande vedtak:

«Saka er også presentert for kommuneoverlegeforum i Vestre Viken. Dei stiller seg positive til ordninga og meiner denne ordninga er godt tenleg for såpass mange små kommunar som det er i Hallingdal. Dei kommenterer at den enkelte kommune med denne ordninga ikkje oppfyller rådet om minst ei halv samfunnsmedisinsk stilling, men meiner at gevinsten med samarbeid og felles stilling veg opp for dette.»

Helse og omsorgsleiarforum gjorde den 13. 09 .19 følgjande vedtak:

«HOF stiller seg positiv til den modellen Hallinghelse har skissert for felles kommuneoverlege i Hallingdal og trur dette er ei framtidretta ordning. Helse og omsorgsleiarane vil drøfte konsekvensane for kvar enkelt kommune saman med kommuneoverlegen og rådmannen og koma med ei skriftleg tilbakemelding til Hallinghelse innan utgangen av september.»

Kommunane med unntak av Flå gav gav Hallinghelse tilbakemelding i oktober 2019:

Kommunane ved rådmann / kommunaldirektør, helse og omsorgsjef / kommunalsjef og kommuneoverlege har drøfta arbeidsgruppa sitt forslag til ny organisering med 100 % felles kommuneoverlege i Hallingdal og 20 % kommuneoverlege i egen kommune, og gitt sin støtte.

Helse og omsorgsleiarforum drøfta saka på nytt i samband med framlegg av sak til politisk behandling. Konklusjonen var at ut i frå den økonomiske stoda i kommunane og at dagens samhandlingsleiar og ein felles kommuneoverlege vil ha fleire tilstøytande oppgåver så ønskte å avvike 50 % samhandlingsleiar og opprette ein 100 % kommuneoverlege som kunne ivareta begge oppgåvene.

I samband med utbrot av Covid 19 etablerte kommuneoverlegene i Hallingdal eit tettare samarbeid med møter kvar veke for å koordinere seg betre. Dei fleste kommuneoverlegane har brukt mykje tid på både å sette seg inn i og følgje opp nye råd og retningsliner, utarbeide egne råd og retningsliner og rådgjeving utad. Det er erfart at det er viktig at ein har ei felles stemme utad og at det er ein som har ansvar for å koordinere. Mange hallingar bur i ei kommune og arbeidar i ei anna kommune, ein del har fleire arbeidsgjevarar, ungdom går på skule i ei anna kommune enn det ein bur i. Det er også erfart at det er viktig å få på plass interkommunale løysingar i høve til smittevernarbeid.

Felles kommuneoverlege og samhandlingsleiar har vore drøfta i rådmannsutvalet, sist 14.mai 2021. Dei har konkludert med at det saka bør først opp i regionrådet, før politisk behandling i den enkelte kommune. Rådmannsutvalet ønskjer at stillinga blir lyst ut starast råd og med oppstart januar år 2022.

Vedtak i Regionrådet den 28. mai 2021 sak 45/21

Gol	40 % stilling.	20 % stilling.
Hemsedal	30 % stilling.	20 % stilling.
Ål	50 % stilling.	20 % stilling.
Hol	50 % stilling.	20 % stilling.
Samhandlingsleiar	50 % stilling.	0
Felles kommuneoverlege	0 %	100% stilling
Totalt	270% stilling	220 % stilling

Dette vil gje ei slik fordeling/ending for den enkelte kommune:

Flå	Nesbyen	Gol	Hemsedal	Ål	Hol	Totalt
43 508	14 892	-128 836	-25 514	-290 087	-307 192	-693 229

Dette er eit eksempel med dagens lønsnivå. Lønsnivået er ulikt i kommunane og i eksemplet over er det teke utgangspunkt i ein felles kommuneoverlegestilling på høgt lønsnivå.

Dersom ein vel å ein høgare stillingsprosent enn 20 % vil dette ha økonomiske konsekvensar.

Vurdering:

Eit samfunnsmedisinsk miljø der både spesialist i samfunnsmedisin, miljøretta helsevern, kommunepsykolog og folkehelse inngår, vil gje gevinstar utover det fagpersonane yter kvar for seg. Arbeidet vil effektiviserast, profesjonaliserast og bli meir målretta. Det vil bli enklare å rekruttere til slike fagmiljø.

I samhandlingsreforma blir det understreka det at ei styrking av kommuneoverlegefunksjonen er ein nødvendig føresetnad for at kommunane skal kunne løyse lovpålagte oppgåver innan helsesektoren. Ein felles kommuneoverlege vil få ei breiare erfaring, kompetanse og tid til å utøve samfunnsmedisinsk rådgjevnad.

Ein regional kommuneoverlege vil vere med å sikre ein samfunnsmedisinsk ressurs for kommunane ved fråvær. Vidare vil den vere ein viktig rådgjevar, buffer og sikre fleksibilitet i forhold til de stadlege kommuneoverlegane ved større hendingar, t.d. pandemibekjemping.

Når akuttmedisinske- eller smittehendingar skjer i fleire kommunar samtidig vil eit samordna planverk innanfor smittevern og helseberedskap vere avgjerande for å oppnå det beste resultatet for befolkning og medarbeidarar.

Felles planverk innan helse og omsorg spesielt med tanke på smittevern, pandemi og helsemessig og sosial beredskap har fleire fordelar. Kommunane lettare utarbeide, evaluere og halde dei oppdatert i samsvar med nye føringar. Det kan vere lettare for andre samarbeidande instansar med felles planverk. Ved pandemi /epidemi – er det viktig at planverk er oppdatert og på plass, kjent og det er nokon som kan følgje opp når det kjem nye råd og retningslinjer.

Ideelt sett og ut frå Ot.prp 99 (1998-99) (sjå kap. 1.3) skulle Hallingdal hatt tre fulle samfunnsmedisinske stillingar. Både effektiviseringsgevinstar av eit fagmiljø og tidlegare erfaringar, tilseier at ein må finne løysingsmodellar av noko mindre omfang.

Sett i lys av kommunenes økonomiske situasjon og erfaring med felles samhandlingsleiar kan ein tilpasse stillingstorleik og oppgåver i dei ulike stillingane til ein felles stilling.

Oppretting av ein felles regional stilling som kommuneoverlege og samhandlingsleiar og inntil 20 % kommuneoverlegestilling i kommunane har mindre økonomiske konsekvensar i høve til å sikre samfunnsmedisinsk kompetanse, fleksibilitet, effektivitet og kvalitet.

Ei felles røyst mot helseføretak, sentrale samarbeidsaktørar, og ved viktige høyringar vil bidra til at Hallingdalskommunane sine interesser blir tillagt vekt og høyrte. Tett samarbeid med regionråd og andre i høve planarbeid, utgreiingar, konsekvensutgreiingar og overordna samarbeid mot sentrale aktørarar kan og vere ein styrke.

Det siste halvanna året har det meste av arbeidet til kommuneoverlegen vore knytt til den pågåande pandemien. Det har i perioden vore behov for ein lokal kommuneoverlege i minst 50 % stilling. Hol og Ål hadde i år 2020 ei samarbeidsavtale om 50 % felles stilling, i tillegg til lokal smittevernlege. Det er nødvendig å gjere ei vurdering kor stor lokal stilling det er behov for i tida framover når oppgåvene til kommuneoverlegen har normalisert seg.